



BARONIET ROSENDAL
Postboks 235

5486 ROSENDAL

Sakshandsamar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Kjetil Mehl		2022/3167-5		18.11.2022

LØYVE TIL DELING AV EIGEDOM ETTER JORDLOVA §12 – delegert vedtak

Tiltak: Frådeling av jordbruksareal

Eigedom: Frådeling av gnr/bnr 83/1

Søklar: Baroniet Rosendal, pb 235 5486 Rosendal

Delegert vedtaksnummer 2022/483

Vedtak

Kvinnherad kommune gjev løyve til frådeling som omsøkt frå GNR/BNR 83/1, på vilkår av at gnr/bnr 83/1 (Vang) vert lagt til gnr/bnr 82/16 og teigen får nytt gnr/bnr. Løyve er gitt med heimel i jordlova § 12.

Vilkår for løyve:

1. Arealet vert tillagt ein anna landbrukseigedom.

2. Rettar og plikter som arealet har, vert oppretthaldne.

Oppmålingsforretning må rekvirerast innan 3 år etter at løyvet til frådeling blei gjeve. Om du ikkje gjer det, vil løyve til frådeling falle bort, jf. jordlova § 12 (8).

Saksutgreiing

Formålet med delinga:

Det vert søkt om løyve til å dele frå gnr/bnr 83/1 frå driftseininga med tilhøyrande gnr/bnr 15/3,20/3,21/2,22/5,29/6,64/16,83/7,34,79,85/18,87/1,22,33,59,60,71,72,88/1.

Teigen skal leggjast til eit anna gardsbruk, gnr/bnr 82/15. Teigen Vang gnr/bnr 83/1 har eit areal på 289 dekar og består av skog. Dette er i all hovudsak gran. Det er bygd ny felles skogsbilveg langs teigen, slik at skogen kan skjøttast på ein god måte. Driftsgrunlaget på 82/16 vil bli styrkja etter

erver av denne teigen. Det er og knytt ein liten eigedom på 0,5 dekar til gnr/bnr 83/1. Denne ligg i Rørevågen på Malmanger og følj ikkje med i delinga.

Gnr/bnr 83/1 som vert søkt delt i frå eininga, består av to teigar med eit med samla areal på 289,5 dekar. Det høyrer rettar og pliktar i utmark til gnr/bnr 87/1.

Lovgrunnlaget:

Jordlova § 12 M-2013-1 frå Landbruks- og matdepartementet


Eigedomen:

Baroniet (driftssenter gnr/bnr 87/1) har 115 dekar fulldyrka jord, 54 dekar overflatedyrka jord og 239 dekar innmarksbeite. Det er ifølgje nibio sine gardskart 4231 dekar skog på eigedomen. I lag med anna areal er det 11890 dekar tilknytt driftseininga. Drifta på garden består av sauehald.

82/16 (erhvervar) har 70 dekar fulldyrka jord, 226 dekar innmarksbeite og 335 dekar produktiv skog, i fylgje nibio sine gardskart. Det er mjølkeproduksjon på geit og sauehald på garden.

Arealstatus:

Arealet er uregulert, og satt av til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF-formålet) i kommuneplanen sin arealdel. I nibio sitt gardskart er arealet registrert med produktiv skog



Vurdering av jordlova § 12:

Vurdering av om frådelinga gjev ein driftsmessig god løysing

Om delinga fører til ein driftsmessig god løysing og inneheld at det skal leggjast vekt på om utforminga av eigedomen kan føre til ein kostnadseffektiv drift. Her vil blant anna forhold som avstandar, utforming av teigar og liknande verte trekt inn. Ein driftsmessig god løysing inneber at driftseiningane i stor grad er samla og med korte avstandar. Vurderinga av kva som vil vere ein

driftsmessig god løysing må gjerast ut i frå kva som kan reknast som pårekeleg drift i eit langsiktig perspektiv. Vurderinga er likevel ikkje nødvendigvis knytt til kva løysing som vil vere driftsmessig best.

Teigen 83/1 Vang ligg i nærleiken av driftssenterert og andre skogsteigar som ervervar driv. Dette vil gje ei driftsmessig god løysing for føretaket.

Vurdering av drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området

Det vil ikkje føra til noko drifts eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Konklusjon jordlova § 12

Etter ei samla vurdering vert det vurdert at det i denne aktuelle saka bør gjevast frådeling etter jordlova § 12.

Saka må også behandlast etter plan og bygningslova.

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Kjetil Mehl

Landbruksrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til: